

Velkomne til mini-seminar,
Ørskog Samfunnshus, 17/3 kl. 9.00 – 12.30:



Sjølvhjelp – førebygging, forankring og samhandling

Sjølvhjelp er sett på den helsepolitiske dagsordenen, mellom anna gjennom Folkehelsemeldinga, Nasjonal plan for selvhjelp og St.meld. nr. 47 (2008-2009) - Samhandlingsreforma. Korleis kan desse føringane frå sentralt hald realiserast her i distriktet? Korleis kan sjølvhjelpsarbeid vere ledd i strategiar for førebyggjande helsearbeid, læring og meistring? Korleis kan sjølvhjelpsarbeid forankrast i den kommunale verksemda og på tvers av kommunegrensene, i eit samspel med andre tenestestivå og frivillige krefter? Dette er spørsmål som blir reiste under mini-seminaret på Ørskog Samfunnshus, onsdag 17. mars kl. 9.00 – 12.30, der hovudtema er: ”Sjølvhjelp – førebygging, forankring og samhandling”.

Mini-seminaret er ledd i prosjektet: *Samarbeid om sjølvhjelp – DPS som initiativtakar*, som blir drive av Sjøholt DPS med støtte frå Helsedirektoratet. Særskilt innbedne til seminaret er ordførarar og rådmenn, folkehelsekoordinatorar saman med sine overordna, psykiatritenestene, frivilligsentralane og lokallag av brukarorganisasjonar i Sjøholt DPS sitt opptaksområde: Norddal, Stordal, Stranda, Sykkylven, Ørskog, Skodje, Haram og Ålesund. Alle interesserte er elles velkomne!

Program:

- kl. 9.00 Velkomst ved seksjonsleiar Ronald Longva, Sjøholt DPS.
- ” 9.10 Sjølvhjelp - i eit lærings-, meistrings- og folkehelseperspektiv.
Ved Kari Strøm, dagleg leiar for Selvhjelp Norge sitt nyoppretta distriktskontor i Midt-Norge og tidlegare enhetsleder for Lærings- og Meistringssenteret i Helse Nordmøre og Romsdal.
- ” 9.55 Pause.
- ” 10.00 Selvhjelpsgrupper for pårørende til demente.
Ved Randi Loe Muri, prosjektleder for ”Selvhjelpsprosjekt for pårørende til mennesker med demens”, Ålesund kommune.
- ” 10.20 Sjølvhjelpsarbeid i kommunane og på tvers av kommunegrensene - forankring og samhandling. Ved Kolbjørn Gjære, prosjektleiar, Sjøholt DPS.
- ” 10.35 Kva kan Selvhjelp Norge, distriktskontoret for Midt-Norge, tilby kommunar og andre samarbeidspartnarar? Ved dagleg leiar Kari Strøm.
- ” 10.50 Pause.
- ” 11.00 Panel- og plenumssamtale.
- ” 12.00 Lunsj.

Påmelding seinast **8. mars** - NB! Ver så snill å seie frå om du *ikke* ønskjer lunsj! - til:

Sjøholt DPS
6240 Ørskog
tlf. 70273870

e-post: kolbjorn.gjere@helse-sunnmore.no